

# **Sakliste til instituttstyremøtet 6. oktober 2010**

Møtestad: Møterom 342, Christiesgt. 13.

Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

## **I**

### **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

## **II**

### **PROTOKOLL FRÅ INSTITUTTRÅDSMØTE DEN 1. SEP 2010**

## **III**

### **FULLMAKTSAKER**

## **IV**

### **ORIENTERINGSSAKER**

- Innspel frå Institutt for pedagogikk til opptaksrammer 2011-2012 (vedlegg)
- PEK-søknader frå institutt for pedagogikk
- Søknader frå forskingsgrupper ved institutt for pedagogikk til fakultetets såkornmidler.
- Instituttsamling Solstrand 15. -16. desember 2010
- Status tilsettingssaker
- Oppnemning av medlemmer programstyret for lektorutdanningen ved UiB 2010-2012
- Møte mellom instituttleiing og fakultetsleiing
- Nettsidene til IPED – status
- NFR-evaluering ved Det psykologiske fakultet

## **V**

### **NYE SAKER I DETTE MØTET**

#### **16/2010 Oppnevning av nytt programstyre for pedagogikk i lærarutdanninga ved Det psykologiske fakultet**

##### **Bakgrunn:**

Viser til brev frå Universitets leiinga datert 31.05.10 som presenterar ny organisering av lærarutdanninga ved UIB.

Tidligere har programstyret for eittårig PPU (lærarutdanningsutvalet) hatt ansvar for koordineringa av det eittårige PPU studiet, samt all pedagogikk som inngår i lærarutdanningsprogramma ved UIB. Programstyret har vært samansatt av pedagogar, representantar frå skolen, studentrepresentantar og didaktikarar.

Den nye organiseringa av lærarutdanninga ved UIB er uklar med omsyn til kvar studieplanansvar for eittårig PPU er lagt. Det psykologiske fakultet har fått følgjande ansvarsfordeling i lærarutdanninga:

*Det psykologiske fakultet har et særskilt ansvar for administrasjon og oppfølging og for å ivareta sekretariatsfunksjonen for programstyret. Dette innebærer ansvar for praksisplasser og kommunikasjon med Fylkeskommunen og skoleeier. ansvar for innhenting av fakultetenes ønsker om dimensjonering av de ulike studietilbudene og for å kalibrere disse mot faktisk antall skole/ praksisplasser. Dette legges frem for programstyret til vurdering. ansvar for administrativ daglig drift av PPU; dette inkluderer opptak, eksamen, timeplanlegging, saksbehandling, studieveiledning og informasjonsarbeid.*

***Fakultetene** har ansvar for sine studieprogram og emner.  
Fakultetene har studieplanansvar og ansvar for å sikre at rammeplaner og kvalitetssikringssystemet følges.  
Fakultetene har ansvar for timeplanlegging, saksbehandling, studieveiledning og informasjonsarbeid på de femårige integrerte løpene  
Fakultetene foreslår dimensjonering av egne studietilbud innenfor tildelt ramme til Programstyret for lærerutdanningen.  
Fakultetene har faglig ansvar ved opptak til PPU.  
Fakultetene oppnevner representant til Programstyret for lærerutdanning og avgjør sammensetting av interne råd og utvalg, inklusive eventuelle lærerutdanningsutvalg.*

Institutt for pedagogikk har såleis ansvar for pedagogikkemna i lærerutdanninga, mens Det psykologiske fakultet har det administrative ansvaret for PPU studiet.

I samsvar til rektoratets brev oppnemnar Det psykologiske fakultet sitt eige lærerutdanningsutval og avgjør samansetninga av dette.

### **Forslag til vedtak:**

Som representant for pedagogikkmiljøet i lærerutdanninga foreslår institutt for pedagogikk følgjande samansetning og namn på utvalet:

Programstyret for pedagogikk i lærerutdanninga/lærerutdanningsutval:

Programstyrar  
Programansvarlig PPU  
Programansvarlig IL  
Representant frå dei midlertidig tilsette  
Stipendiat  
2 studentrepresentantar  
Sekretær: programkoordinator  
Skulerepresentant

Det kan i tillegg vere aktuelt med representasjon frå andre fakultetet, men ein avventar ei slik inkludering i påvente av avklaring i Det sentrale Programstyret for lærerutdanning.

**17/2010 Eventuelt**

